



STRAND KOMMUNE

Dato: 16.10.2025

Dykkar ref.:

Vår ref.: 23/627 / 25/31500 / VÅGHAN

Til:

Andre Flage Fjelde	Vervikvegen 4	4121	Tau
Elisabeth Bjørheim	Sørskårvegen 420	4121	Tau
Tytlandsvik			
Kine Marie Krogh Eie	Velandsvegen 32	4121	Tau
Marielle Alsvik	Alsvikvegen 46	4121	Tau
Målfrid Alstveit Ringsby	Fiskåvegen 939a	4121	Tau
Renate Hetlelid Gjerde	Heggheimsvegen 140	4121	Tau

Referat frå SU-møte ons. 15.10.25 Nordre Strand Oppvekstsenter

Tid: 15.10.25

Stad: NSO

Til stades: Hans Marius Våga
Andre F. Fjelde
Elisabeth B. Tytlandsvik (vara)
Kine Marie Krogh Eie
Marielle Alsvik
Renate H. Gjerde
Trine Sørskår
Ingunn Gjeitanger
Siv E. Karlsen

Forfall: Målfrid A. Ringsby
Bjørn Sølve Barka

Saker:

1. Val av leiar: Andre F. Fjelde

2. Frå FAU:

- Generasjonsleikane var vellukka, og FAU ønsker å ha det neste år også. Forbettringsforslag: Meir bemanning på enkelte postar (særleg førstehjelpsposten) og justering av poenggiving på enkelte øvingar (særleg nittigraderen).
- FAU oppfordrar til å ha smarttelefonfri skule + barndom. Det er viktig å halde aldersgrenser på appar og sosiale media. FAU planlegger å ha storforeldremøte med nettopp temaet «gaming/smarttelefonbruk/smartklokker/l-pad/skjermtid/nettsider o.l. – digitale køyrereglar for alt dette». Tidspunkt blir ca. siste veka i januar. Møtet kan

gjærne vere utan ekstern foredragshaldar, men meir som eit møte der foreldre deler erfaringar og diskuterer utfordringar, med enkle, lågterskel-øvingar som sikrar deltaking frå alle (t.d. kahoot). Målet med foreldremøtet er å bevisstgjere og styrke foreldra.

- FAU vil arrangere Halloween-party, og låner gymsalen fre. 31.10 kl. 18:00-19:30, med utkledning og musikk o.l. Rektor kan sende ut info via IST. Samarbeid med ungdomsskulen og eit opplegg ala Sandved-parken er ein god idé me sparar til neste år. Forslag at M/H-elevar lagar marshmallows-spøkelser o.l.. FAU tar kontakt med lærar Karen Strand (e-post: karen.tjostheim.strand@strand.kommune.no), og høyrer med henne.
- Skulegensaren er rett rundt hjørnet, og 55 har allereie bestilt. Rektor minner om frist fredag 17.10 via IST.

3. Frå barnehagen:

- Årsplanen kjem no. Den kjem litt seint, men godt. SU skal godkjenne denne. Får den utdelt i papir til gjennomlesing.
- Tilsetjingsprosess: Frist på 100% B/U-arbeidar, går ut i dag.
- Det er noko sjukemelding, men me har heldigvis gode, faste vikarar
- Info til foreldre frå FAU/SU går gjennom styrar; sender ut på IST
- Foreldremøte er nyleg avholdt, med svært god oppslutnad

4. Frå skulen:

- Leksefri skule- forsøket er godt i gang. Har trykk på god innsats i skuletida og lesing både på skulen og heime, gjennom Norlis lesekonkurranse (som varer til 5. desember). Evaluering skjer på nyåret. Skulen involverer FAU i evalueringa på møte i januar + informerer alle foreldre på foreldremøtet i slutten av januar
- Foreldremøte på skulen blei gjennomført medio september. Innspel frå FAU er å ha møtet i gymsalen neste gong; det blei litt trangt på biblioteket.
- Utviklingssamtalar vil komme i veke 44 og 45.
- Særskilte leseveker blir veke 45 og 46. Torsdag 06.11 får me forfattarbesøk av Ida Eva Neverdahl.
- Me har styrka skulebiblioteket, og har fleire timar der biblioteket er bemanna.
- Me satsar på uteskule og held på med å bygge opp leirplass og har kjøpt inn ein del utstyr. I tillegg går to lærarar på uteskulestudie, og har intern deling av gode pedagogiske uteskule-grep til resten av lærarane.
- Omorganiseringa av Eikehaugen barnehage og flytting av SFO er i mål, og me er godt nøgde.
- Utviklingsplan for 2025-2029 er vedtatt, blir utdelt på neste SU-møte
- Økonomi: Ser ut til å gå i balanse dette året. Har klart å ta store deler av omorganiseringsutgiftene (ca. 140 000,-) innanfor eigne budsjettammer. Det ventar eit kutt på ca. 100 000,- budsjettåret 2026; dette blir først og fremst tatt på driftsbudsjettet. Kan bli krevjande.

5. Frå SFO:

- Omorganiseringsprosessen var krevjande, men etter at ein flytta frå mat og helse-området til 1./2. klasse-området har ting gått seg til. Har godt samarbeid om morgonen med barnehageavdelinga på Tangen.
- Det er viktig at foreldre gir beskjed på IST også til SFO-tilsette, ikkje berre kontaktlærar. Dette har betra seg veldig

6. Frå elevane:

- Har snakka mykje i elevrådet om skuleskyss
- Har fått gjennomslag for elevrådsforslaget om at ST og MT kan spele fotball i lag i friminutta.
- Har også fått gjennomslag for innkjøp av 5 nye styltepar.

7. Neste møte: Tys. 02.12 kl. 18:00-19:00/19:00-20:00

Med helsing

Hans Marius Våga
verksemdsleiar
Nordre Strand oppvekstsenter

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev ikkje signatur.

Kopi til:
Bjørn Sølve Barka
Ingunn Gjeitanger
Siv Elisabeth Karlsen
Trine Sørskår